



Statens vegvesen

Fagnotat

Til: Hardangerrådet og Kvinnherad kommune
Fra: Statens vegvesen region vest
Kopi til: Hordaland fylkeskommune

Saksbehandler/telefon:
Tore Bergundhaugen / 55 51 65 97
Vår dato: Velg dato.
Vår referanse:

Framtidig bruk av vegnummer i Hardanger og Kvinnherad

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune mottar jamleg innspel frå lokale politikare og andre med ynskje om endringar i deler av vegvisninga i fylket, da særskilt i Hardanger området. Vegvising/vegruting og bruk av vegnummer heng saman, og dette har ikkje vore endra/revidert i takt med store endringar i vegnettet i Hordaland dei seinaste 15–20 åra.

Bakgrunn:

All skilting av vegnummer langs vegane våre er heimla gjennom skiltforskriften, og nærmere detaljer om korleis dette skal gjerast er fastsatt i Statens vegvesen sin handbok N300, skiltnormalen. I denne heiter det mellom anna: «Det er Vegdirektoratet som fastlegger system for nummerering av riksveger. Vegdirektoratet er også myndighet for vegnummer på riksvegnettet».

Frem til 1.1.2010 så var det berre riksvegane våre som blei nummererte ute i vegnettet. Men da store deler av dette vegnettet blei overført til fylkeskommunen blei det i første omgang ikkje gjort noko endringar av vegnummereringa, noko som igjen førte til at dei nye fylkesvegane fekk behalde dei numra dei hadde som riksveg. Vegdirektoratet har i ettertid heller ikke fastsatt nokon nye retningsliner for bruk av nummer på fylkesvegar.

I praksis betyr dette at regionane i Statens vegvesen nå fastlegg vegnummer for fylkesvegane sidan dei har vedtaksmynde for aktuelle skilt i vegnettet. I Region vest har me fastlagt rutinar for korleis dette skal gjerast gjennom vedtak på Regionleiarmøtet (RLM) hausten 2014. Det blei da òg satt i gang ein prosess for å sjekke ut om det var behov for endringar i nummereringa på fylkesvegane i regionen.

Vurderinga av vegnummer på fylkesveg som RLM fekk satt i gang i 2014 synte at me trengte ein grundigare utreiling av forholda i Hordaland. Veg- og transportavdelinga i Region vest kom i gang med arbeid med dette i 2015 i samråd med vegavdeling Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Prosessen har tatt litt tid, men SVV har no laga eit forslag til naudsynte endringar som er godt fagleg forankra.

Prinsipp som blei lagt til grunn for arbeidet:

RLM-vedtaket frå 2014 slår fast at me skal være lojal mot prinsippa i det gamle nummereringssystemet. Det vil seie at me har særslag med nye nummer med to siffer å velje mellom, og at me berre nyttar ledige nummer i 500-serien for nye tresifra nummer.

I arbeidet blei det lagt avgjerande vekt på å finne ruter som faktisk blir køyrd gjennomgående av trafikantane. I Hardanger og Kvinherad området har vegnettet vore bygd ut med fleire nye lenker dei siste åra som i stor grad har påverka trafikantane sitt køyremønster. Den gjennomgående nummereringa i området har dverre ikkje blitt oppdatert i takt med desse endringane.

Vidare har me tatt omsyn til innkomne ynskje om ny gjennomgående vegvisning der det er mogleg. For trafikantane er det viktig at det er samsvar mellom gjennomgående vegnummer og gjennomgående vegvisning. Ynskje om å få skilta ein ny gjennomgående rute mellom Odda og Bergen har vore vektlagt. Det same gjeld ynskje om gjennomgåande rute mellom Odda og Husnes/Stord.

Det har også vore ein føresetnad at me i størst mogleg grad unngår å skilte strekningar med to parallelle vegnummer. I nasjonal vegdatabank og alle kartsystem så kan ein vegstrekning berre ha eit nummer. Å skilte med to parallelle vegnummer er difor berre noko som gjerast unntaksvist, og da berre over kortare vegstrekningar. Skilting med tre parallelle nummer vil i utgangspunktet være heilt uaktuelt, med gjennomgående skilting av omkjøringsrutar for viktige hovudvegar som einaste unntak.

Fagleg innstilling frå Statens vegvesen:

I Hardanger og Kvinheradområdet foreslår me tre hovudruter som da får tosifra fylkesvegnummer:


- 48 (Bergen-) Tysse–Eikelandsosen–Gjermundshamn (–Rosendal/Husnes)
- 49 Bergen–Norheimsund–Jondal–Odda
- 54 (Odda-) Gjerde–Rosendal–Husnes–Stord

Namn i parentes () syner strekning der skilting med to parallelle nummer kan være aktuelt. Alle namna i lista vil ikkje være like aktuelle å nytte som visingsmål langs ruta.

I tillegg til dei nye hovudrutene vil det være naudsynt å gjere følgjande endringar:

- 548 Husnes–Skånevik–Håland/E134
- 549 Jektevik–Våge–Sævareid–Kilen
- 553 Mundheim–Strandebarm–Tørvikbygd
- 575 Norheimsund–Kvandal–Granvin

Kartet under syner dei viktigaste endringane i heile innstillinga. Endringane som synast i Bergensområdet vil i hovudsak først bli utført om nokre år i samband med ferdigstilling av pågående og framtidige vegprosjekt.



Grafikk: Statens vegvesen

Vegruta Bergen/Trengereid–Norheimsund–Granvin er ein viktig omkjøringsrute for E16 når denne er stengt. For å trygge god framkomst for ukjende trafikantar ynskjer me difor å skilte denne gjennomgåande som dette. Ruta er og del av nasjonal turistveg gjennom Hardanger, og me legg til grunn at etablert skilting av turistvegen ikkje vil bli endra.

Skal det finnast rom for å skilte rute 48 mot Rosendal/Husnes og rute 49 til Odda frå Bergen/Trengereid så vil det være heilt umogleg å oppretthalda skilting av Fv. 7 mellom Trengereid og Norheimsund. I tillegg så er det uheldig for trafikantane å måtte forholda seg til eit vegnummer som dels er i bruk som riksveg (Rv 7 Hønefoss-Bu) og dels er i bruk på fylkesveg (Fv 7 Granvin-Trengereid). Som følgje av dette ligg innstillinga opp til at Fv 7 får nytt nummer som Fv. 49 mellom Trengereid og Norheimsund, og Fv. 575 mellom Norheimsund og Granvin. Som tidlegare nemnd så vil skiltinga som nasjonal turistveg på strekninga behaldast som i dag.

Prosessen vidare

Den faglege innstillinga frå vegvesenet har vore diskutert med fylkeskommunen og lagt fram for utvalet for miljø og samferdsle (MISA). Det er ingen formelle krav om at nummerendringane skal sendast på høyring til andre partar, men fylkeskommunen ynskte at forslaget blei lagt fram for Hardangerrådet og Kvinherad kommune sidan endringane blir størst i dette området.

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune ynskjer difor å få tilbakemelding om kva Hardangerrådet og Kvinherad kommune meiner om saka. Val av framtidig vegnummerbruk i området vil bli fastsatt av Statens vegvesen i samråd med vegeigar fylkeskommunen i løpet av våren.

Når nummerbruken er fastsett vil vegvesenet utarbeide forslag til nye visingslistar for heile fylkesvegnettet i området. I følgje krav satt i handbok N300 skiltnormalen, skal forslaget sendast på høyring i aktuelle kommunar og næringsorganisasjonar.

Statens vegvesen er godt kjent med ynskje om skilting til fleire attraksjonar med brune serviceskilt i området. Dette er i prinsippet ein sak som skal handsamast uavhengig av val av vegruter og overordna vegvising. Men når me nå skal i gang med å revidere vegvisingsskiltinga i området vil det være formålstenleg å sjå på denne skiltinga av attraksjonar samstundes. Me vil rádføra oss med fylkeskonservator og riksantikvar¹ i dette arbeidet, og ha kontakt med regional- og samferdselsavdelinga i fylkeskommunen. Aktuelle kommunar vil bli orientert.

Når visingslistane er klar vil me gå i gang å lage skiltplanar for dei aktuelle vegstrekningane. Me legg opp til at Hardanger/Kvinherad området skal prioriterast, og med etterhald om at me får naudsynte bevillingar frå fylkeskommunen bør det vere mogleg å kome i gang med skilting i løpet av 2018.

¹ Riksantikvaren har varsla Vegdirektoratet at dei ynskjer meir merking av kulturminner og har arbeid i gang for å lage lister på kva attraksjonar dei ynskjer å prioritere.